

Masfjorden

Frå ute i vester, der Fensfjorden skvalar,
og stormbylgja skumkvit og fossande fell,
til inne i aust, der dei heimslege dalar,
smyg inn millom ovhøge, stupbratte fjell,
frå Elvikestrandi, med gardane fleire,
til nord i mot Byrkjeland, Haugsdal og Sleire, ligg Masfjord.

Med øykransa innlaup, i lågaste lende,
smyg fjorden seg inn og gjev bygdi sitt namn,
med vågar og vikar, so kjære og kjende
dei ligg der med naust og med bryggja og hamn.
På fjellsidor elvane sylvkvite glitrar.
På heid og i skoglider fuglane kvitrar, i Masfjord.

Ja, her bur då folket, på øyar og strender,
i dalar og inn ved dei flogbratte fjell.
Her strir dei og strevar med ånd og med hender
frå tidlege morgon til seinaste kveld.
Her lyser av smil, og her blenkjer i tåra — — —
Her står deira vogga. Her ligg dei på båra, i Masfjord.

Til bygdene her, kom for aldrar attende,
ein stråle av ljøs, med Guds livande Ord.
Og songen om Frelsaren Herren oss sende,
hev lydt i kvar einaste grend i vår fjord.
Til kyrkje og samling hev folket seg sankt. — — —
På attstengde dører hev Frelsaren banka, i Masfjord.

Men alle som opna si dør for sin konge,
til dei gjekk han inn med sin nåde og fred.
Om livshøvi elles vart tunge og tronge,
hans kraft og velsigning då allstødt var med.
Dei vaks under prøva. I Gud vart dei sterke.
Gjekk sæle sin veg under Frelsarens merke, i Masfjord.

Å, vener, lat Ordet frå Bibelen lyda,
og leida vårt bygdefolk inn på Guds veg.
Å, lat det 'kje berre vår bokhylla pryda.
Det kjem då med berging til Deg og til meg.
Lat Bibelen tala, ved vogga og kiste.
Og lysa oss heim til det beste me visste:
Til Himlen!

Johs. M. L. Rydland.

BJARNE BAKKE

Skilten 16/9-1964 VAGSEIDET